

Årdal Aqua AS
Fistervegen 604
4139 Fister

Vår dato: 06.11.2021
Vår ref.: 202013482-18
Arkiv: 313
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Kristine Naas

Offentleg høyring av søknad om løyve til uttak av grunnvatn til postsmoltanlegg.

Vi viser til søknaden dykkar av 27.10.2021 om løyve til uttak av grunnvatn til postsmoltanlegg.

Søknaden vert behandla etter kapittel 3 i vassressurslova. Høyring skjer etter reglane i plan- og bygningslova, jf. vassressurslova § 24. Søknaden er no sendt på høyring til statlege, regionale og kommunale myndigheiter, andre offentlege organ, private organisasjonar og institusjonar som kan bli påverka av forslaget, jf. vassressurslova § 24 og plan- og bygningslova § 5-2. Saka blir så snart som råd kunngjort i Stavanger Aftenblad og Strandbuen. Faktura for kunngjeringa blir sendt til deg frå MediaPlus.

Frist for innsending av uttalar er sett til **17.12.2021**. Søknaden er lagt ut til offentleg gjennomsyn på NVE sine nettsider: www.nve.no/konsesjonssaker.

Plan- og bygningslova § 12-10, 2. ledd lyder som følgjer:

”Registrerte grunneiere og festere og så vidt mulig andre rettighetshavere i planområdet samt naboer, skal når de blir direkte berørt, på hensiktsmessig måte underrettes om forslag til reguleringsplan med opplysning om hvor det er tilgjengelig.”

Vi ber difor om at tiltakshavar snarast varslar dei som vert påverka av tiltaket, og informerer om fristen for uttale og korleis påverka partar kan få tak i søknaden.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Kristine Naas
seniorrådgjevar



Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Cowi AS - Norheimsund v/Oddmund Soldal